



*Hardanger / Voss kompetanseregion*  
*Vurderingsgruppa*

# VURDERINGSRAPPORT

## VANGEN SKULE



18.-21. OKTOBER 2004



## *Hardanger / Voss kompetanseregion* *Vurderingsgruppa*

### 1 Føreord

#### **Regionalt samarbeid om vurdering og kvalitetsutvikling**

Med utgangspunkt i Stortingsmelding nr. 28 (1998-99) "Mot rikare mål", vart det sett i gang eit 3-årig nasjonalt prosjekt : "Ekstern deltaking i lokalt vurderingsarbeid". Hordaland søkte, men kom ikkje med i prosjektet.

Likevel var signala der, og kommunane vart oppmoda om å jobba med kvalitetsutvikling og vurdering. Desse signala er forsterka i Kvalitetsutvalet si delinnstilling av 14. juni 2002 "Førsteklasses fra 1. Klasse".

Skulesjefane/dei skulefagleg ansvarlege i kommunane i Hardanger/Voss har såleis vedteke å oppretta ei vurderingsgruppe i regionen. Regionen består av mange små kommunar som kvar for seg ikkje maktar å gjennomføra ekstern vurdering. I det regionale samarbeidet er økonomiske og personlege ressursar samla og nytta på tvers av kommunegrensene på ein god og effektiv måte.

Føremålet er at vurderingsgruppa skal vera til hjelp i arbeidet med pedagogisk kvalitetsutvikling i skulen.

- Sikra kvalitetsutvikling
- Erkjenning av at skulen treng, og kjem til å få "auge utanfrå"
- Ekstern hjelp i vurderingsarbeidet
- Oppfylla kravet i Opplæringslova om kommunen sitt ansvar for å sjå til at skulane jamleg vurderer si eiga verksemd

#### **Kven er vurderar ?**

10 personar i Hardanger/Voss er medlemmer i vurderingsgruppa. Dei har brei og variert pedagogisk bakgrunn, og skal vurdera dei 48 grunnskulane i regionen i løpet av 6 år, dvs. 8 skular pr år. 2 frå gruppa (vurderingspar) gjennomfører vurdering på ein skule, og ingen vurderer skular i eigen kommune.

#### **Kva gjer vurderarane ?**

- Skulen vel eit fokusområde for vurdering, i samråd med skulefagleg ansvarleg i kommunen
- Vurderingsparet førebur sjølve vurderinga gjennom eit fyrste møte med skulen, utarbeiding av kriterium, metodeval og verktøy tilpassa det skulen ynskjer fokus på.
- Sjølve vurderinga vert gjennomført.

#### **Rapporten**

Vurderingsgruppa skriv ein rapport om resultatet av vurderinga. Rapporten trekk fram verksemda sine sterke sider, og kva utfordringar skulen har. Han gjev også informasjon om rammene for vurderinga – tidsbruk, metodeval, verktøy m.m.

Vurderinga tek ikkje mål av seg til å gje eit fullstendig bilete av skulen, men kanskje eit bidrag til kva ein skal arbeida vidare med innan det fokusområde som er vurdert. Det er ynskje at dei reiskapar og metodar som har vorte nytta, kan overførast til det interne vurderingsarbeidet skulen årleg arbeider med.



## *Hardanger / Voss kompetanseregion* *Vurderingsgruppa*

### **2 FAKTA OM SKULEN**

Vangen skule er ein sentrumskule i Voss kommune. Skulen har 194 elevar, fordelt på 14 basisgrupper. Det er 15 lærarar, 3 morsmåslærarar, 5 assistentar, inspektør og rektor. Skulen ligg midt i kommunesenteret, men har likevel svært godt og tenleg uteområde i Prestegardsmoen/Grandane. Skulen ligg og nær Voss folkebibliotek og elles andre offentlege bygg og tenester.

### **3 VURDERINGSTEMA**

Vangen skule har bede om vurdering på følgjande tema :

Ivaretek arbeidsplanane ved skulen kravet om tilpassa opplæring for alle elevane, og er lærarane flinke til å gje konstruktive tilbakemeldingar til elevane?

### **4 KRITERIUM/KVALITETSKRAV**

*Kriterium tyder her krav til kjenneteikn på god kvalitet. Dei fastsette kriterium er henta frå lov, regelverk, læreplanverk og skulen sine egne planar.*

*Når vurderingsgruppa gjennomfører ei vurdering, vert kriterium samanlikna med den informasjon som er samla om temaet gjennom intervju og observasjon på skulen, i tillegg til dei dokument som skulen har lagt fram.*

*Kriterium i denne rapporten er utforma av vurderingsgruppa, og godkjende av skulen.*



## *Hardanger / Voss kompetanseregion* *Vurderingsgruppa*

**Tema:** Ivaretek arbeidsplanane ved skulen kravet om tilpassa opplæring for alle elevane, og er lærarane flinke til å gje konstruktive tilbakemeldingar til elevane?

<b>KRITERIUM</b>	<b>TEIKN PÅ GOD PRAKSIS</b>
1. Arbeidsplanane legg opp til val av ulike oppgåver	<ul style="list-style-type: none"><li>- planane gir val med omsyn til vanskegrad</li><li>- elevane får planleggja eiga tid og eige arbeid</li><li>- elevane jobbar med ulike oppgåver på same tid</li><li>- planane inneheld varierte oppgåver</li></ul>
2. Arbeidsplanane gir rom for varierte arbeidsmåtar	<ul style="list-style-type: none"><li>- elevane har innverknad på val av arbeidsmåtar</li><li>- planen er variert med omsyn til arbeidsmåtar</li><li>- planen inneheld individuelt arbeid og samarbeidsoppgåver.</li><li>- elevane har tilgang på ulike hjelpemiddel under arbeidet med planen</li></ul>
3. Arbeidsplanane er oversiktlege og lette å skjøna.	<ul style="list-style-type: none"><li>- det er lett for elevane å orientera seg på planen</li><li>- planen gir god informasjon til heimen</li><li>- arbeidsplanane er ein nyttig reiskap for kontakt heim/skule</li><li>- læringsmåla er tydelege på planen</li><li>- eleven kan skifta aktivitet utan å gå vegen om lærar</li></ul>
4. Arbeidsplanen er tilpassa den einkilde elev	<ul style="list-style-type: none"><li>- eleven kan vere med å påverke innhaldet på planen</li><li>- alle elevane opplever meistring under arbeid med planen</li><li>- alle elevane er motiverte</li><li>- alle opplever å lære noko nytt</li><li>- elevane har ulike arbeidsplanar</li><li>- elevane får arbeide i sitt eige tempo</li><li>- alle elevane får utfordringar</li><li>- planen legg opp til at elevane gradvis tek ansvar for eiga læring</li></ul>
5. Elevane får tilbakemeldingar/vurdering som skapar utvikling.	<ul style="list-style-type: none"><li>- skulen legg opp til at elevane får vurdere eige arbeid</li><li>- elevane kjenner læringsmåla</li><li>- elevane kjenner vurderingskriteria</li><li>- skulen har førebudde elevsamtalar</li><li>- elevane er tilstades ved konferansetimar</li><li>- alle elevane får dagleg oppfølging og tilbakemelding</li><li>- tilbakemelding til elevane har fokus på kva utviklingspotensiale den enkelte har</li></ul>



## *Hardanger / Voss kompetanseregion* *Vurderingsgruppa*

### **5 DELTAKARAR I VURDERINGA**

#### **Grunngjeving for val av informantar**

Vurderingstemaet gjer at det er naturleg å velja desse informantane som ledd i vurderinga.

**Informantar:** Elevar, tilsette og føresette/foreldre.

**Eksterne :** Gudny Fykse, Rigmor Hanssen og Jannicke Ophaug. I vurderingsveka blei Rigmor Hanssen overflytta til ein annan vurderingsskule. Saman med vurderarane var det hospitantar frå Midthordland Skule- og barnehageregion, Ragnar Haraldseid og Katja Oberle.

### **6 TIDSBRUK**

*Det er avsett 1 veke til å vurdera ein skule. Dette inneber i hovudsak ein startdag der vurderingsparet møter skulen for fyrste gong for avklaringar og planlegging. Under sjølve vurderinga, er vurderingsgruppa på skulen i inntil 4 dagar. Skulen får rapporten umiddelbart etter vurderingsdagane. I forkant og undervegs førebur vurderingsparet informasjon, metodar, verktøy og driv informasjonsbearbeiding og oppsummeringar. Å gjennomføra ei kvalitetsvurdering på 4 dagar er knapp tid, og inneber ei avgrensing av vurderinga.*



## Hardanger / Voss kompetanseregion Vurderingsgruppa

### Tidsplan for Vangen skule 2004/2005

TID	TILTAK	ANSVAR
August 2004	Skulen melder inn vurderingstema	Skulen
Veke 38	Vurderarane sitt fyrste møte med skulen Skulen klargjer dokument	Vurderarane og skulen
Veke 39	Kriterium og teikn på god praksis vert sendt skulen. Evt. endringsframlegg må vurderarane ha i slutten av veke 39.	Vurderarane Skulen
Veke 40	Vurderarane lagar spørjeskjema til elevar, tilsette og føresette, for å skaffa seg kunnskapsgrunnlag. Sender spørjeskjema til skulen. Skulen gjev aksept, evt. endringsframlegg til skjema i løpet av kort tid. Skulen gjennomfører spørjeskjema denne veka, og sender dei attende til vurderarane.	Vurderarane Skulen
Veke 41	Haustferie	
Veke 41 og 42	Oppsummering av spørjeskjema- konkludering	Vurderarane
Veke 42	Utarbeiding av samtaleguidar og observasjonsskjema. Vurderarane sender sine endelege ynskje i høve observasjon og samtalar til skulen. Skulen planlegg den praktiske tilrettelegginga.	Vurderarane Skulen
Veke 43	<b>Sjølve vurderingsveka</b> Innhente informasjon: - Observasjon måndag 18/10 - Evt. foreldremøte måndag 18/10 - Observasjon, møte, samtale og intervju, tysdag 19/10 og onsdag 20/10 Vurdering: - Rapporten vert lagt fram for personalet for kommentarar og evt. justeringar, torsdag 21/10	Vurderarane
Veke 44 og 45	Endeleg rapport og vurderingsdokument vert sendt skulen. Rapport vert sendt Voss kommune v/skulesjefen.	Vurderarane
Innan veke 46	Skulen vert beden om å gje ei evaluering av vurderingsopplegget, på fastsett skjema.	Skulen
Desember 04	Rektor deler sine erfaringar m.m med dei andre skulane i kommunen på rektormøte. Rapport og spørjeskjema vert lagt ut på regionen si nettside.	Rektor Regionen
Mai 2005	Tilbakemelding om kva tiltak som er sett i gang etter vurderinga.	Rektor og skuleeigar



## *Hardanger / Voss kompetanseregion* *Vurderingsgruppa*

### **7 METODAR**

*Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metode. Vanlege metodar er dokumentanalyse, spørjeskjema, krysskjema, individuelle- og gruppesamtalar, møte og observasjon.*

I denne vurderinga er følgjande metodar nytta:

#### **Dokumentanalyse**

Skulen gav vurderingsgruppa diverse relevante dokument; verksemdsplan, generell informasjon om arbeidsplanar, vekeplanar, lekseplanar, andre planar og skjema for skulen.

#### **Spørjeskjema**

I forkant av skulebesøket sende vurderingsgruppa ut eit påstandsskjema om arbeidsplanar og tilbakemelding. Dette vart fylt ut av elevar og lærarar, og returnert til vurderingsgruppa for oppsummering. I tillegg blei det sendt ut eit skriv med spørsmål til FAU medlemmene ved skulen. Spørsmåla handla om arbeidsmåtar, arbeidsplanar, tilbakemelding, tilpassing og kommunikasjon mellom heim - skule.

#### **Oppsummering av spørjeskjema**

Oppsummeringa gav – overflatekunnskap om trivsel og arbeidsmåtar ved skulen

- korleis elevane opplever bruken av planar
- innblikk i måten og i kva grad lærarar nyttar planar
- innblikk i kor mykje tilpassing det ligg i planane
- gav til ein viss grad svar på skulen sine utviklingsområde innan vurderingstema.

#### **Kriterium og teikn på god praksis**

Vurderingsgruppa utarbeidde kriterium og teikn på god praksis med utgangspunkt i tema, opplæringslova, L-97, skulen sine planar og resultatet av spørjeundersøkinga.

#### **Verktøy for vidare informasjonsinnhenting**

For å kunna gjera djupdykk i temaet, laga vurderingsgruppa samtaleguidar for samtalar med dei tilsette og elevane. Vi laga også spørsmål for samtale med føresette/foreldre gjennom organet FAU (foreldra sitt arbeidsutval på skulen), der representantane skulle innhente informasjon og synspunkt hjå andre foreldre som grunnlag for samtalen. Hadde også samtale med rektor og inspektør.

I tillegg henta vi informasjon gjennom observasjon.

#### **Vurdering**

Vurderingsgruppa føretok ei vurdering, ved å spegla utsegnene frå føresette/foreldre, lærarar og elevar i lag med observasjonane, mot utarbeidde kriterium og teikn på god praksis. Gjennom vurderinga fann vurderarane skulen sine sterke sider og utviklingsområde.



## *Hardanger / Voss kompetanseregion* *Vurderingsgruppa*

### **8 SKULEN SINE STERKE SIDER INNAN VURDERINGSOMRÅDET**

#### **1. Arbeids og læringsmiljø**

- Det er stort samsvar mellom elevane og lærarane sin oppfatning av vurderingsområde.
- Gjennom planar, observasjon og intervju kom skulen sine satsingsområde tydeleg fram.
- Eit roleg og godt arbeids- og læringsmiljø
- Skulen har gode rutinar og planar for bruk av kartleggingsprøvar, og nyttar desse til tilbakemelding.
- Gjennom intervju med lærarar og foreldre/føresette, kjem det til uttrykk at desse har nær kontakt med kvarandre for å tilpassa opplæringa til den enkelte.
- Skulen har malar for elev- og foreldresamtalar

#### **2. Pedagogisk miljø**

- Eit stabilt personale med innslag av nytilsette
- Lærarane dekkjer eit breitt og variert kompetanseområde
- Personalet er reflekterte i forhold til pedagogisk arbeid
- Lærarane ser arbeidsplanar som eit middel til pedagogisk utvikling.
- Personalet er løysingsorienterte.

#### **3. Utviklingsarbeid**

- Det pedagogiske personalet har vilje til å endra arbeidsmåte i forhold til tilpassa opplæring
- Lærarane jobbar allereie med vurderingsområdet

#### Elles:

- Vurderingsgruppa sitt møte med Vangen skule har vore positivt.
- Elevane trivest på skulen
- Rolege elevar, både inne i klasserommet, i gangane og ute.
- Lite konflikhtar blant elevane.
- Skulen har jobba med "Mitt val", noko som både lærarar og elevane meiner har vore positivt for skulemiljøet.
- Både elevar og lærarar gir uttrykk for at "Fadderordninga" er positiv for skulemiljøet.
- Elevane opplever at dei har medverknad gjennom elevrådet.
- Det er dugnadsånd blant personale, dei stiller opp for kvarandre
- Personalet set eleven i fokus
- Vi høyrde lite klagar frå personalet og elevane, sjølv om det ser ut for om som personalressursen er heller liten. Romtilhøva er heller ikkje er dei beste. Det er mange elevar i små klasserom. Skulen har svært få grupperom dei kan nytta. Dei tilsette er trass dette flinke til å sjå løysingar for å gjera det best mogleg for elevane.



*Hardanger / Voss kompetanseregion*  
*Vurderingsgruppa*

**9 SKULEN SINE UTVIKLINGSOMRÅDE INNAN  
VURDERINGSOMRÅDET**

**Vurderingsområde:** Ivaretek arbeidsplanane ved skulen kravet om tilpassa opplæring for alle elevane, og er lærarane flinke til å gje konstruktive tilbakemeldingar til elevane?

**A. Skulen bør vidareutvikla arbeidsplanar**

- Skulen må definera kva dei legg i omgrepa
  - a) Arbeidsplan
  - b) Vekeplan
  - c) LekseplanPer dags dato ser det ut som skulen opererer med planar med alle tre namna, sjølv om mange av dei har same sort informasjon.
- Alle må bruka omgrepa likt til kollegaer, elevar og føresette/foreldre.
- Alle planane bør ha ein gjenkjenneleg "logo".
- Alle planane bør ha ein fast plass for informasjon til eleven og heimen.
- Læringsmåla må bli synlege på planane
- Det bør vera ein felles strategi for utviklinga av planane frå 1. til 7. På dei lågaste trinna skil ein gjerne mellom ein arbeidsplan på skulen og ein vekeplan med heimearbeid. Seinare bør planane omfatte alt arbeid under eitt. Slik vil elevane gradvis få ansvar for eiga læring.
- Planane bør legges opp til større variasjon i arbeidsmåtar.
- Elevane bør gradvis få større innverknad på innhaldet på planen.
- Planane bør innehalde alle fag, også dei praktisk/estetiske faga. Når alle lærardatamaskinene kjem i nettverk kan kvar faglærarar fylle inn for sitt fag.
- For at skulen skal kunna dokumentera tilpassinga til den enkelte elev, bør dette koma fram i planane.
- Planane kan tilpassast både i form av vanskegrad, arbeidsmengd, tidsavgrensing (td. Rekna i 15 min.) og læringsmål.



*Hardanger / Voss kompetanseregion*  
*Vurderingsgruppa*

***B. Bli betre på utviklande tilbakemeldingar til elevane***

- Gjera elevane bevisste på læringsmåla og kriteria for vurdering. Ved bruk av tydelege læringsmål kan ein lettare nytta desse som grunnlag for tilbakemelding.
  - Skulen bør gjera elevane meir bevisste på at ein skal "gjera for å læra", ikkje for å bli fort ferdig og å tilfredsstilla lærar og/eller foreldre.
  - Arbeidsplanane bør innehalde eit felt for eigenvurdering.
  - Ved å bruka arbeidsplanar vil ein få betre tid og høve for å gje individuell rettleiing og tilbakemelding til den enkelte elev.
  - Skulen bør ha ein felles strategi for førebuing av elev- og foreldresamtalar.
- Har skulen felles praksis på dette området? Her samsvarar ikkje informasjonen. Lærarane meiner at elevane og foreldra får førebu seg, eit fleirtal av elevane er ueinig i dette. Foreldra var også litt usikre på praksisen.



*Hardanger / Voss kompetanseregion*  
*Vurderingsgruppa*

**10 VIDARE ARBEID ETTER OKTOBER 2004 VANGEN SKULE**

Utviklingsområde	Idear			Dette er gjennomført etter 6 mnd	Tankar om vidare arbeid
<b>Skulen bør vidareutvikla arbeidsplanar</b>	Planen kan variera med	<b>Same plan for alle</b>	Ulike planar i klassen		
	<b>Ulike vanskegradar:</b>	Innan same plan (må-bør-kan)	Oppgåver med ulik vanskegrad innan same tema		
	<b>Ulik mengd arbeid:</b>	Skilje med tid (td. rekne i 15 min.)	Varierende mengde oppgåver på dei ulike planane		
	<b>Oppgåver som den einskilde bør arbeide med:</b>	T.d øv på 6. gongen til du kan den.	Blir skrivne på etter eigne avtalar eller eigne oppgåver i eitt eller fleire fag		
Forslag til litteratur innan vurderingsområdet: <i>"Nye arbeidsplanar for den aktive elev", av Kjell G. Moen</i>	<ul style="list-style-type: none"><li>Jamfør punkt 9</li></ul>				
<b>Bli betre på utviklande tilbakemeldingar til elevane</b>	Klargjer læringsmål og kriterium for vurdering for elevar og foreldre. Nyta læringsmålstestar som ledd i tilbakemeldingar (td. Veketest, Fredagstest)				

6 månader etter at skulevurderinga finn stad, vil rektor rapportera attende til skulesjef/skulefagleg ansvarleg korleis skulen har arbeidd med utviklingsområda sine. Det politiske fagutvalet vil få ei orientering.

Voss 21.10 2004

Gudny Fykse  
vurderingsgruppa i Hardanger/Voss

Jannicke Ophaug  
vurderingsgruppa i Hardanger/Voss



*Hardanger / Voss kompetanseregion*  
*Vurderingsgruppa*

**VEDLEGG 1**

Påstandsskjema for elevar i 5-7 klasse ved Vangen skule

Set eitt kryss for kvar påstand

	PÅSTAND	HEILT EINIG	LITT EINIG	UEINIG
1.	Eg trivst på skulen.			
2.	Eg likar å jobba med arbeidsplanen/vekeplanen.			
3.	Eg tykkjer arbeidsplanane/vekeplanane passar for meg og det eg kan.			
4.	Arbeidsoppgåvene på arbeidsplanen/vekeplanen er varierte.			
5.	Eg kan velja om eg vil samarbeide med nokon eller arbeide åleine, når eg arbeider med planen.			
6.	Eg har ulike oppgåver eg kan velja mellom på planen.			
7.	Eg kan velja kva arbeidsmåte eg vil bruka under arbeidet med planen.			
8.	Eg får nyttige tilbakemeldingar på arbeidet eg gjer			
9.	Læraren gjev meg råd om korleis eg kan betra arbeidet mitt.			
10.	Eg likar måten arbeidsplanane/vekeplanane er utforma på.			
11.	Eg tykkjer det er lett å finna ut kva eg skal gjera på planen.			
12.	Kvar dag har eg oppgåver som eg får til å gjere.			
13.	Kvar dag har eg oppgåver eg tykkjer er vanskelege.			
14.	Eg lærer noko nytt når eg arbeider med planen			

15.	På planen kan eg velja mellom lette og vanskelege oppgåver.			
16.	Me kan bruka ulike hjelpemiddel under arbeidet med planen (td. Data, oppslagsbøker osv.)			
17.	Eg lærer best når læraren underviser meg.			
18.	Eg lærer best når eg får arbeide med lærestoffet på eiga hand ved hjelp av arbeidsplan.			
19.	Eg får av og til vera med å bestemma kva oppgåver det skal vera på planen.			
20.	Eg har planlagt/førebudd elevsamtale med læraren min.			
21.	Eg veit korleis eg skal øva til prøver.			
22.	Eg veit at det skal vera god orden i arbeidet mitt.			
23.	Eg veit at eg skal skriva tydeleg på skriftlege oppgåver.			
24.	Eg veit kva eg skal læra mens eg jobbar med planen.			

## VEDLEGG 2



### *Hardanger / Voss kompetanseregion Vurderingsgruppa*

*Påstandsskjema for lærarar ved Vangen skule*

*Eg underviser på småskulesteget*

*Eg underviser på mellomsteget*

	Påstand	I høg grad	I nok-on grad	I liten grad	Slett ikkje
1	Eg brukar arbeidsplanar				
2	Eg lagar arbeidsplanar med både skule- og heimearbeid				
3	Arbeidsplanane gjeld skulearbeidet for <u>ein dag</u> eller <u>del</u> av ein dag				
4	Eg lagar lekseplan i tillegg til arbeidsplan				
5	Elevane i gruppa har ulike <u>arbeidsplanar</u>				
6	Elevane har ulike <u>lekseplanar</u>				
7	Elevane bestemmer sjølve kva rekkefølge dei skal gjera oppgåvene på planen				
8	Elevane kan velja kva måte dei skal løysa oppgåvene på				
9	Elevane kan velja mellom å arbeida åleine eller samarbeida				
10	Elevane har tilgang til ulike hjelpemiddel				
11	Elevane greier å arbeida sjølvstendig etter planen				
12	Alle elevane får utfordringar på planen				
13	Arbeidsplanane tek omsyn til at elevane arbeider i ulikt tempo				
14	Elevane blir gradvis meir sjølvstendige i læringsprosessen, tek ansvar for eiga læring				
15	Elevane kan (i ein viss grad) påverka innhaldet på planen				
16	Læringsmåla på arbeidsplanen er tydelege for eleven				
17	Eleven veit kva kriterieum eg legg til grunn for vurdering av arbeidet hans/hennar				
18	Eleven får førebu seg til elevsamtalen(utviklingssamtalen)				
19	Vi snakkar om kva vi vurderer etter i elevsamtalen				
20	Elevane er med på konferansetimar				
21	Eg gir alle elevar dagleg oppfølging og tilbakemelding				
22	I tilbakemelding til eleven har eg fokus på eleven sitt utviklingspotensiale				
23	Arbeidsplanane er lette å forstå for dei føresette				
24	Arbeidsplanane er godt grunnlag for samtale med dei føresette				
25	Det er lett å hjelpa elevane heime når dei har arbeidsplan				



## *Hardanger / Voss kompetanseregion* *Vurderingsgruppa*

### VEDLEGG 3

SAMTELEGUIDE ELEVAR , VANGEN SKULE OKTOBER 2004

1. Elevane har det bra på Vangen skule

- A, Kva er det du liker ved skulen din?
- B, Trur du at alle har det bra på skulen?

2. Arbeidsplanar og arbeidsmåtar

- A, Likar du å arbeida etter arbeidsplan? Kan du setja ord på kva som er bra ved denne måten å arbeida på?
- B, Jobbar du med denne planen både heime og på skulen?
- C, Kva arbeidsmåtar (gje døme) vert nytta i klassen din? Kva måte å arbeida på liker du best?
- D, Får elevane vera med å bestemma arbeidsmåtane? Kan elevane velja mellom ulike måtar å arbeida på?
- E, Kva meinast med "varierte oppgåver"? Er det varierte oppgåver på arbeidsplanen?
- F, Kva type tilbakemelding får du på arbeidet du gjer? (tilpassast alder...)Er det slik at du veit kva du kan gjera betre neste gong?
- G, Er det lett for elevane å arbeida sjølvstendig med arbeidsplanen, utan å måtta ha hjelp heile tida?
- H, Når du driv med skulearbeid, veit du då oftast kva målet med arbeidet er/kva du skal læra? Står det noko om dette på arbeidsplanen?
- I, Har du med arbeidsplanen heim, slik at dei føresette ser og evt. skriv under på den?

3. Arbeidsplanen er tilpassa den enkelte elev

- A, Arbeider alle elevane etter den samme arbeidsplanen?
- B, Er oppgåvene på planen passe vanskeleg for deg? Får du utfordringar? Får du arbeide i ditt eige tempo?
- C, Kan elevane velja ulik vanskegrad på nokre av oppgåvene på arbeidsplanen?
- D, Har lærarane god tid til å hjelpa elevane når dei arbeider med arbeidsplanen?
- E, Er det lett for elevane å skifta aktivitet/ oppgåver, utan å spørja læraren?
- F, Veit du kva ansvar for eiga læring tyder? På kva måte legg arbeidsplanane opp til at elevane skal ta ansvar for eiga læring?

4. Tilbakemelding/ vurdering og samarbeid med heimen

- A, Kva type tilbakemelding får du på arbeidet du gjer? (tilpassast alder...)Er det slik at du veit kva du kan gjera betre neste gong?
- C, Får du vera med å vurdere eige arbeid/medelevar sitt arbeid (vurderingskriteriar)?
- D, Har du elevsamtale med læraren din? Kva snakkar de om i ein slik samtale?
- E, Er du med på konferansetimane?



## *Hardanger / Voss kompetanseregion* *Vurderingsgruppa*

### VEDLEGG 4

**Ekstern vurdering Vangen skule veke 43, 2004**  
Samtaleguide – lærarar – småskulesteget

#### **Om arbeidsplanar og om tilpassa opplæring**

##### **(Kriterium 1, 2,3,4)**

1. Brukar du arbeidsplan?
2. Viss ikkje – kvifor?
3. Viss ja –
4. Gir planen val med omsyn til vanskegrad?
5. Får eleven planleggja eige arbeid?
6. Arbeider elevane med ulike oppgåver på same tid?
7. Kan elevane velja samarbeid eller individuelt arbeid?
8. Korleis får elevane lekser?
  - Lekseplan?
  - Frå dag til dag?
  - Individuelle lekser?Kva val har elevane i arbeidet sitt?
9. Kva arbeidsmåte meiner du er best for å læra elevane å arbeida sjølvstendig?
10. Meiner du arbeidsplan er nyttig for å gi tilpassa opplæring?
12. Kva hjelpemiddel er tilgjengelege for elevane?
13. Andre måtar å tilpassa opplæringa på??

##### **Mål, kriterium, vurdering** **(Kriterium 5)**

14. Korleis klargjer du måla med opplæringa for eleven?
15. Nyttar du skjema til elevane for å førebu elevsamtalen?
16. Nyttar du skjema til elev og foreldre for å førebu konferansetimen?
17. Kjenner foreldra kva kriterium elevane blir vurderte etter?
18. Korleis får elevane den daglege tilbakemeldinga ?

**Ekstern vurdering Vangen skule veke 43, 2004**

## Samtaleguide – lærarar – mellomstegetsteget

### **(Kriterium 1, 2,3,4)**

1. Brukar du arbeidsplan?
2. Viss ikkje – kvifor?
3. Viss ja –
4. Kva arbeid omfattar arbeid arbeidsplanen?
5. Gir planen val med omsyn til vanskegrad?
6. Får eleven planleggja eige arbeid?
7. Arbeider elevane med ulike oppgåver på same tid?
8. Kan elevane velja samarbeid eller individuelt arbeid?
9. Korleis får elevane heimearbeid ?
  - Lekseplan?
  - Frå dag til dag?
  - Individuelle lekser?
10. Kva val har elevane i arbeidet sitt?
11. Kva arbeidsmåte meiner du er best for å læra elevane å arbeida sjølvstendig?
12. Meiner du arbeidsplan er nyttig for å gi tilpassa opplæring?
13. Kva hjelpemiddel er tilgjengelege for elevane?

### **Mål, kriterium, vurdering (Kriterium 5)**

14. Korleis klargjer du måla med opplæringa for eleven?
15. Korleis førebur elevane seg til elevsamtalen?
16. Nyttar du skjema til elevane for å førebu elevsamtalen?
17. Nyttar du skjema til elev og foreldre for å førebu konferansetimen?
18. Kjenner foreldra kva kriterium elevane blir vurderte etter?
19. Korleis får elevane den daglege tilbakemeldinga?



## **Hardanger / Voss kompetanseregion** **Vurderingsgruppa**

### **VEDLEGG 5**

FORELDRE – VANGEN SKULE - OKTOBER 2004

Til foreldre/føresette til elevar ved Vangen skule

*18.-21. oktober får Vangen skule vitjing av tre personar frå vurderingsgruppa i Hardanger/Voss. Skulen har bede om ei ekstern vurdering av arbeidsplanane sine. Ivaretek arbeidsplanane ved skulen kravet om tilpassa opplæring for alle elevane, og er lærarane flinke nok til å gje konstruktive tilbakemeldingar til elevane?*

*Eit viktig vurderingsgrunnlag er foreldra sine opplevingar. Vi ynskjer difor å ha eit møte med FAU måndag 18. oktober. For at FAU-representantane skal kunna gje oss eit representativt bilete av situasjonen, bed vi dei om å lufta temaet blant foreldre/føresette i dei ulike basisgruppene/klassane. Nedanfor følgjer nokre spørsmål vi ønskjer at de tek stilling til. På foreldremøtet 18. oktober er det desse punkta vi ønskjer å diskutera med dykk. På førehand takk.*

*Med vennleg helsing*

Jannicke Ophaug, Gudny Fykse og Rigmor Hanssen  
frå vurderingsgruppa i Hardanger/Voss..

#### **1. Kommunikasjon heim/skule**

Kva utbytte har de som foreldre av dei ulike formene for samarbeid med skulen?

- a. Foreldremøte. Er det klima for å ta opp saker på desse møta?
- b. Konferansetimar. Er eleven med? Motiverer denne til auka interesse for skulearbeidet?
- c. Anna informasjon frå skulen? (t.d informasjonsskriv, underskrift på prøvar o.a)

#### **2. Arbeidsplanar**

Kva meiner de om elevane sine arbeidsplanar?

- a. Får de nok informasjon gjennom desse planane til å følgja med i elevane sitt skulearbeid?
- b. Er planen oversiktleg og lett å forstå?
- c. Legg planane opp til varierte arbeidsmåtar og variasjon i oppgåvetypar?
- d. Får alle elevane utfordringar? Er planen tilpassa den enkelte elev?(vanskegrad, arbeidsmengd....)
- e. Er det motiverande for elevane å arbeida etter ein slik plan?
- f. Får elevar med spesielle behov det dei har krav på?
- g. Får elevane vera med å påverka innhaldet på planen?

#### **3. Tilbakemeldingar**

- d. Har de inntrykk av at lærarane er flinke til å gje elevane konstruktive tilbakemeldingar på arbeidet dei har gjort?
- e. Er det læringa som står i fokus når ein arbeider på denne måten, eller er det om å gjera å verta fortast mogleg ferdig med planen?
- f. Er progresjonen i arbeidet slik at elevane må ta meir ansvar for eiga læring etter kvart som dei vert eldre?
- g. I kva grad nyttar skulen seg av elevsamtalar som ein måte å gje tilbakemelding på?
- h. Framlegg til forbetringar????